



Isdalstø Næringspark  
Isdalstøbakken 41  
5911 ALVERSUND

Referanser:

Dykkar: Ref.:5FRFIP- Skjemanr.:3941  
Vår: 16/1512 - 17/19205

Saksbehandlar:

Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

07.07.2017

## Svar på søknad om utslepp av oljeholdig avlaupsvatn - gbnr 137/589 Alver

Teknisk drift syner til brev datert 26.06.2017 vedkomande søknad om løyve til å knytte oljeutskiljar NS 2 til kommunalt leidningsnett – gbnr 137/589 Alver.

### Vedtak:

Teknisk drift gir løyve til å kople på oljeutskiljar med nominell størrelse NS 2 ved bilverkstad - gbnr 137/589 på følgjande vilkår:

- Løyve til å kople på oljeutskiljar NS 2 vert gitt ut i frå innsendt dokumentasjon. Vi gjer merksam på at det **ikkje** kan nyttast høgtrykk spyler da anlegg ikkje har kapasitet til å handtere dette.
- Berre godkjente kjemikalier (avfetting, såpe etc.) skal nyttast og bruken av disse skal avgrensast til eit minimum. Kommunen forventar at anleggseigar går i dialog med kjemikalieleverandør, eventuelt anna kompetanse på området, for å optimalisere bruken med tanke på lågare utslepp av olje. Vi gjer merksam på at enkelte kjemikalier reduserer oljeutskiljar sin reinsefunksjon.
- Anlegg skal tømmast minimum 1 gong per år, og elles når det måtte være nødvendig for å overhalde krav til utslipp av olje. Temperatur ut i frå utskiljar anlegg skal ikkje overstige 45°C.
- Olje som haldast tilbake i utskiljar vert rekna som farleg avfall og omfattast av forurensningsforskriften kap. 11 Farleg avfall.
- For oljeutskiljar skal det takast minimum 1 vassprøve per år. Prøven skal takast når anlegg er i full drift. Prøven skal analyseras av godkjent laboratorium. Prøven skal være tatt i forkant av tømning av anlegg.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



- Anleggseigar skal ha jamleg ettersyn med anlegg for å unngå driftsproblem. Minimum 1 gong i året skal anlegg tømmeast fullstendig og reingjerast grundig. Spylevatnet skal ikkje førast til kommunalt leidningsnett men sugast opp av slambil. Alle overflater skal ettersjåast og vedlikehaldas.
- Det skal ligge føre signert tømmeavtale mellom anleggseigar og godkjent tømmefirma. Kommunen skal, til ein kvar tid, ha kopi av gyldig tømmeavtale.
- Som abonnent på kommunale vatn- og avløpstenester, og som eigar av grunn, har Isdalstø Næringspark AS hovudansvar for at årsrapport for anlegg vert sendt inn til kommunen. Årsrapport skal innehalde følgjande dokumentasjon:
  - driftsjournal,
  - tømmerapporter ,og
  - prøveanalyse av utsleppsvatn.

**Årsrapport skal være kommunen i hende seinast 1.februar påfølgjande år.** Ansvar for innsending av årsrapport kan overførast til tømmeoperatør. Dette skal komme klart frem av tømmeavtale. Ved manglande innsending av årsrapport vil kommunen sende brev om dette til huseigar/grunneigar. Ta kontakt med kommunen for utlevering av skjema.

- Det skal leverast inn «**as built**» teikningar som viser kva som er ført på anlegg.

*Det er med heimel i forurensningsforskriften kap. 15 (fastsett med heimel i lov av 13.mars 1981 nr 6 om «vern mot forurensningar og om avfall, lov av 11.juni 1976 nr 79 om «kontroll med produkter og forbruker tenester»), samt «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Tekniske og Administrative bestemmelser» at Teknisk drift sett krav til anlegg som har påslipp av oljeholdig avløpsvatn til kommunalt leidningsnett. Vedtak fatta med heimel i «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp» regulerast av privatrettslege regler. Det føreligg difor ikkje formell klageadgang på vedtaket.*

Med helsing

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Autoklinikk	Stølen 9A	5911	ALVERSUND
Stendal Vvs AS	Blombakken 1	5911	ALVERSUND

**Mottakarar:**

Isdalstø Næringspark	Isdalstøbakken 41	5911	ALVERSUND
----------------------	-------------------	------	-----------